
Vår referanse 2021/18422-6
Dato 29.06.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Fv. 5476 Skarsvegen - Gnr 138 bnr 18 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg viser til brev mottatt 01.06.2021.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om oppføring av einebustad på gnr. 138 bnr. 18 på Øvre Tveiten i Alver kommune. Eigedomen er avsett til *Landbruk-, natur- og friluftsliv* foremål jf. Kommunedelplan for Knarvik og Alversund, men er elles ikkje regulert.

Det er etablert to avkøyrslar inn til eigedomen, både nord og sør for tomta. Begge avkøyrslene frå fylkesvegen er regulert gjennom Alversund områdeplan, planId 1263_200902 (2018).

Eigedomen er om lag 4 daa, og ligg like nord for Alversund kyrkje.



Fig: Oversiktskart til venstre, tomte markert med blå sirkel. Detaljkart til høgre.

Saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklara etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg til saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

Eigedomen ligg i langs fylkesveg 5476 Skarsvegen. Det er ikkje lagt ved eit avkøyrsløyve, så vi legg til grunn at dette skal søkast om etter veglova. Eigedomen kan koplast på fylkesvegen ved to punkt. I sør er det kopla til avkøyrsløse for kyrkjegard. Ei slik løysing vil føre til meir køyring på gang- og sykkelveg. Ei slik løysing kan ikkje anbefalast med bakgrunn i trafikktryggleiken for mjuke trafikantar som nyttar tilbodet mellom anna til skuleveg. Eigedomen kan og knytast til fylkesvegen om ei avkøyrsløse i nord, og det er denne løysinga som er vist på situasjonskart vedlagt søknaden.

Vi har ikkje vore på plassen og vurdert forholda i avkøyrsla. Generelt må det påreknast å utbetre avkøyrsla når ein søker om utvida eller endra bruk. Vi vurderer at dette kan vere tilfellet i denne saka. I områdeplanen er det stilt krav til at o_SGS1 skal inngå i felles planlegging når byggeområda på motsett side av fylkesvegen skal planleggast. Føremålet med dette er å legge til rette for heilskapleg standard på gang- og sykkelvegtilbodet på strekninga. Det må vere vidare vere fokus på å etablere gode og trafikktrygge kryssingspunkt, sidan gang- og sykkelvegen skiftar side, like sør for omsøkte avkøyrsla.

Sjølv om det er fleire forhold som kan tale for ei utvikling av sentrumsnær eigedom, meiner vi at dette må sjåast i samanheng med ein heilskapleg plan for området. Vi meiner det er uheldig å utvikle sentrale områder rundt Alversund gjennom dispensasjon og enkeltvedtak. Det er behov for å sjå på trafikale løysingar i området, særleg for mjuke trafikantar. Vi rår i frå tiltaket slik det er søkt om.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering og eventuell oppfølging etter veglova.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift